

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021**

**Trude Brosvik (KRF)** sette på vegner av KRF, A, MDG, SP, SV, V fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 1

Det er ønskjeleg med fast sosialpedagogisk personell på dei vidaregåande skulane, og ein ser det som særleg viktig på skular med mange hybelbuarar.»

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samråystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Brosvik sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 2 røyster (FRP).

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkesrådmannen tilrår, innanfor ramma som kompetanseplanen set, å tilby kompetanseheving av personell som arbeider med sosialpedagogiske tiltak for elevar. Kompetente vaksne er avgjerande for å kunne arbeide systematisk og målretta med å betre hybelbuarane sine tilhøve. Det er ønskjeleg med fast sosialpedagogisk personell på dei vidaregåande skulane, og ein ser det som særleg viktig på skular med mange hybelbuarar.
2. Fylkesrådmannen tilrår at det blir etablert eit felles system for registrering av hybelbuarar ved alle dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune. Registeret skal brukast til å jobbe for betre oppfølging av elevar og lærlingar som bur på hybel.
3. Fylkesrådmannen tilrår at det i dialogen med rektorar og opplæringskontor vert retta merksemd på hybelbuarar og oppfølging av dei.
4. Tiltaka vert finansiert innanfor avdelinga sin gjeldande budsjetttramme.